



STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL  
Postboks 2520  
6404 MOLDE

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Bjarne Otnes, 71 25 85 75

## Batnfjordsøra naturreservat - dispensasjon for gjennomføring av kjemisk behandling mot *Gyrodactylus salaris* i Batnfjordselva

Vi viser til utsleppssøknad med vedlegg av 28.03.2022 frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal til Miljødirektoratet.

### Søknaden

Statsforvaltaren skal gjennomføre kjemisk behandling mot lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* i Batnfjordselva i august og september 2022 og 2023. Tiltaket er ein del av den samordna behandlinga av infiserte vassdrag i Drivaregionen i 2022 og 2023. Dette er den siste regionen utanom Drammensregionen med *G. salaris* i Noreg.

I Batnfjordselva er det i følge Veterinærinstituttet sitt faggrunnlag rotenon som er aktuelt å bruke i behandlinga. Storparten av rotenonen vil bli blanda inn i hovudelva langt oppstrøms reservatet. I tillegg vil det bli tilleggsdosering i sideelvar og lommer, eller ved grunnvassinnslag i elva. Det er ikkje konkret nemnt i søknadsmaterialet, men vi legg til grunn at slik dosering kan vere aktuelt også innanfor reservatet, til dømes i lommer med brakkvatn til side for elveutløpet der fisk frå elva kan tenkast å rømme opp i.

Behandlinga vil skje over to år i løpet av 2 dagar i perioden august-september 2022 og 2023. Nøyaktig tidspunkt er vanskeleg å fastsette, då det vil avhenge av gjennomføringa i andre delar av regionen, nedbørssituasjonen og andre hendingar ein ikkje har kontroll over.

Innanfor reservatet vil det ikkje vere behov for motorferdsel på land for å gjennomføre behandlinga.

### Lovgrunnlag

Søknaden er vurdert opp mot gjeldande verneforskrift, fastsett ved kongeleg resolusjon 08.11.2002 (FOR-2002-11-08-1248). Etter § 3.3 er det forbod mot mellom anna tilførsel av konsentrert forureining og bruk av kjemiske skadedymiddel.

Statsforvaltaren kan gi dispensasjon frå verneforskrifta dersom det ikkje strir mot verneformålet og ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig, jf. § 48 i naturmangfaldlova (nml). Søknaden må også



vrderast etter prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12, jf. § 7. Prinsippa omfattar vurdering av kunnskapsgrunnlag (§ 8), føre-var-omsyn (§ 9), samla belastning (§ 10), kostnader for å hindre skade på naturmangfald (§ 11) og miljøforsvarleg teknikk/driftsmetode (§ 12).

Vi finn det også rett å peike på at Statsforvaltaren i denne saka har tilgang til å gi seg sjølv dispensasjon frå verneforskrifta. Prinsippa for dette er nærare omtala i utgreiinga om ny forvaltningslov, sjå NOU 2019:5 punkt 16.5.4.

### **Statsforvaltaren si vurdering**

I vår vurdering legg vi til grunn at Miljødirektoratet gjer dei overordna vurderingane av utslepp av rotenon inkludert tilsetningsstoff, bæremiddel eller anna til miljøet. Gitt at Miljødirektoratet gir utsleppsøyve i medhald av forureiningslova tar vi som utgangspunkt at behandlinga er forsvarleg sett opp mot generelle omsyn til naturmiljøet uavhengig av om det er innanfor eller utanfor naturreservatet. Vi avgrensar difor vurderinga til direkte og indirekte verknader for verneformålet og verneverdiane i Batnfjordsøra naturreservat, jf. nml § 48.

Formålet med fredinga av Batnfjordsøra naturreservat er å ta vare på ei av dei få attverande større grusøyrene i fylket, der det framleis er relativt store areal med intakt strandeng med store botaniske og ornitologiske verneinteresser.

I vassmiljø er rotenon giftig i hovudsak for organismar som pustar med gjeller. Gjellene tar opp stoffet, som deretter hindrar respirasjon i mitokondriane. Løyst i vatn er det ikkje giftig for fugl og pattedyr, heller ikkje ved inntak av fisk eller botndyr som har fått stoffet i seg. Stoffet blir raskt brote ned i miljøet, og det blir ikkje oppkonsentrert i næringskjedane.

Dei botaniske naturverdiane i strandengene blir ikkje berørt av behandlinga.

Fugl kan bli påverka indirekte dersom mengda av næringsdyra deira blir endra som følgje av behandlinga. I Batnfjordselva naturreservat er dei ornitologiske interessene i hovudsak knytt til dei store mudderflatene, der trekk- og hekkefugl finn næring i ulike organismar som lever på og i mudderbotnen. I vedlegg til søknaden legg Veterinærinstituttet fram kunnskap som viser at botndyrfaunaen blir reetablert relativt raskt etter behandling. Det meste av denne kunnskapen er henta frå vassdrag, men vi legg til grunn at det same gjeld i brakkvasslommer og på mudderflatene som kan tenkast å bli overfløymd av rotenonhaldig vatn. Fortynning og utskifting i sjø vil redusere konsentrasjon og eksponeringstid samanlikna med i elva. Sjøvassfaunaen i tidevassona er tilpassa periodisk tørrlegging, og kan vere meir motstandsdyktig mot rotenon enn ferskvassorganismar. Utskiftingsforholda gjer også at rekolonisering i sjøvotn truleg kan gå raskare enn i vassdrag.

Hekkeperioden for aktuelle artar er over når behandlingane skal gjennomførast, og vi reknar det som sannsynleg at næringsfaunaen i det vesentlege er reetablert før neste hekkesesong. I trekkseongen er fuglane meir mobile, og eventuell redusert tilgang på næringsdyr i Batnfjordsøra naturreservat hausten 2022 og 2023 vil ligge innanfor dei svingingane artane er tilpassa å tole. Bestandane av trekkande fugl er utsett for ei rad truslar både innanlands og utanlands, og mange bestandar har nedgang. Det er difor viktig å ikkje bidra til å auke den samla belastninga artane er utsett for. Eventuelle verknader på trekkfuglbestandane nasjonalt og internasjonalt som følgje av behandlinga i Batnfjordselva meiner vi ikkje vil vere målbare, jf. nml § 10.

Bruk av rotenon til å bekjempe *Gyrodactylus salaris* har vore utprøvd og utvikla over fleire tiår i Noreg. Preparat og metodikk som skal brukast i Batnfjordselva i 2022 oppfyller etter vår vurdering krava som følgjer av §§ 11 og 12 i naturmangfaldlova.



Vi finn ut i frå dette at kjemisk behandling i Batnfjordselva ikkje strir mot verneformålet, eller vil påverke verneverdiane nemneverdig. Kunnskapsgrunnlaget er godt (nml § 8), og føre-var-prinsippet (nml § 9) får ikkje vekt.

### **Vedtak**

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal får dispensasjon til å gjennomføre kjemisk behandling mot *Gyrodactylus salaris* i Batnfjordsøra naturreservat slik det går fram av utsleppssøknad av 28.03.2022, og på dei vilkår Miljødirektoratet fastset i utsleppsløyvet. Heimel for vedtaket er § 48 i naturmangfaldlova.

### **Anna lovverk**

Vi gjer merksam på at vedtaket berre omfattar dispensasjon frå verneforskrifta i medhald av naturmangfaldlova. Nødvendige løyve etter anna lovverk må avklarast med rette myndigheiter.

### **Klage på vedtaket**

Partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan tre veker frå det er mottatt. Klagen må vere grunngitt, og skal sendast til Statsforvaltaren. Miljødirektoratet avgjer klagen dersom Statsforvaltaren opprettheld vedtaket. Reglane om klage på vedtak går fram av kapittel VI i forvaltningslova.

Lenke til klageskjema:

[https://www.regjeringen.no/contentassets/45b55b2c88e94e79b55b1798053f7ad7/0073b\\_bokmal.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/45b55b2c88e94e79b55b1798053f7ad7/0073b_bokmal.pdf)

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)  
assisterande miljøverndirektør

Bjarne Otnes  
fagleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

### Kopi til:

GJEMNES KOMMUNE

Nordmørsvegen 24

6631

BATNFJORDSØRA